



22. mars 2023

Til alle beitelag i Vestland fylke

## Organisert beitebruk – informasjonsbrev våren 2023

Her kjem informasjon som vi håpar er nyttig for beitelaga i Vestland før beitesesongen.

### Tilsynsliste/rapportskjema

Vedlagte skjema kan nyttast for å få inn opplysningar om beitesesongen. Det er krav om tilsyn i beiteområdet minst ein gong pr. veke. Det er fint om leiaren i beitelaget sender dette ut til sine medlemmar, og får desse attende før laget søker om driftsmidlar i haust. Styret i laget skal rapportere inn ei samla oversikt.

Det er berre tal tapte dyr på utmarksbeite som skal inn i statistikken for Organisert beitebruk. Det vil sei at tap inne og på vår- og haustbeite ikkje skal takast med. For å lukkast best mogeleg med tapsførebyggjande arbeid, er det viktig med ei mest mogeleg fullstendig oversikt over tapsårsakene. Det er såleis viktig at kvar bonde melder inn både sikre og trulege tapsårsaker for sin buskap.

### Freda rovdyr status 2023

Det er ingen dokumenterte meldingar om ulv eller bjørn så langt. Gaupe er dokumentert i Fjaler i oktober 2022. For jerv er situasjonen så langt i vinter at det er mange observasjonar i hovudsakeleg Luster kommune. Tidlegare har det òg vore observasjonar i Nordfjord og i sørlege del av Vestland/Rogaland, sist i Suldal i mars 2022. I tillegg er det spreidde observasjonar av jerv, m.a. i Sogndal og Høyanger. Skade av kongeørn opptrer typisk heilt i starten av beitesesongen på både innmark- og utmarksbeite, og i 2022 vart det varsla om skadar frå kongeørn spreidd over store delar av fylket.

### Ved mistanke om tap grunna freda rovdyr

Dersom de ser eller finn spor etter freda rovdyr, oppmodar vi om at de melder frå til Statens naturoppsyn (SNO) og/eller legg observasjonane inn i Skandobs så snart som mogleg. Dette er viktig for å legge grunnlag for ei best mogeleg forvaltning av freda rovvilt. Dersom det er mistanke om tap av dyr grunna freda rovvilt er det viktig med dokumentasjon, både for å få sett i verk tiltak og for å kunna sikre erstatning ved tap. Ved funn av kadaver der freda rovvilt kan vere skadegjerar, er det eit krav om at SNO blir varsle dersom ein skal krevje erstatning.

Hugsliste ved funn av kadaver:

- La kadaveret ligga mest mogeleg urørt
- Ta bilde av kadaveret
- Dekk til kadaveret med plast, stein, busker eller liknande slik at åtseletarar ikkje kjem til
- Merk funnstadens så den er lett å finna att, bruk eventuelt GPS
- Meld i frå til SNO så snart som mogleg
- I sekken: Mobil, fotoapparat, søppelsekk til tildekking av kadaver, kniv og lange eingongshansk

## **Skandobs**

Skandobs (<http://www.skandobs.no/>) er eit felles skandinavisk rapporteringssystem for store rovdyr. Dette er ein database der det er mogleg for alle å registrere observasjonar av spor og dyr. Observasjonane vert tilgjengeleg for alle utan forseinking. Observasjonane som kjem inn her vert meldt vidare til SNO. Vi oppmodar næringa til å ta i bruk dette verktøyet for å få best mogleg oversikt. Rapporteringssystemet er enkelt i bruk, ein må registrere seg som rapportør før ein får legge inn opplysningar.

## **Rovvilkontaktane i Vestland:**

Haugesund:	Andreas Dunkley, <a href="#">480 25 444</a>
Luster:	Rune Fuglesteg, <a href="#">476 41 915</a>
Bjørnafjorden :	Hartvig Haugen, <a href="#">970 13 594</a>
Sunnfjord:	Finn Olav Myhren, <a href="#">468 98 112</a>
Voss:	Ingmar Slettemark, <a href="#">957 09271</a>
Sunnfjord:	Sverre Sæten, <a href="#">404 48 216</a>
Aurland:	Håkon Øydvin, <a href="#">995 67 650</a>
Ulvik:	Ole Rune Røkenes

Regionalt fagansvar rovviltdokumentasjon: Rein Arne Golf, [480 94 364](#)

*Vi vil oppmøde om at de formidlar namn og telefonnummer på dykker rovvilkontakt + råda kring tap grunna freda rovdyr over til medlemane i dykker beitelag.*

Forvaltningsansvaret for freda rovvilt i region 1 ligg til rovviltnemnda. Leiar for nemnda er Noralv Distad frå Aurland, tlf. 913 74 976. I tillegg er Trude Brosvik frå Gulen med i nemnda.

## **Skadefellingsløyve**

Skadefelling er eit verkemiddel i akutte skadesituasjonar. Statsforvaltaren gir fellingsløyve innanfor kvoter som er fastsett av rovviltnemnda i regionen. Vedtak om skadefelling er frikopla frå grunneigarretten. Dersom SNO dokumenterer tap grunna freda rovdyr ved kadaverfunn, kan de søke Statsforvaltaren om skadefellingsløyve. Kontaktperson er Hermund Mjelstad, [hermund.mjelstad@statsforvalteren.no](mailto:hermund.mjelstad@statsforvalteren.no), mobil 481 43 095. I ferietida om sommaren (juli – august) blir det lagt ut kven som er ansvarleg kontaktperson på heimesida til Statsforvaltaren. Gamle Sogn og Fjordane har tre regionale skadefellingslag som blir administrert av Luster kommune. I tidlegare Hordaland har Hordaland Jeger- og Fisker forbund ei tilsvarende rolle.

Beitelag eller kommunen kan søke om skadefellingsløyve. Søknaden bør innehalde:

- Kven som søker og for kva område
- Kartfesta informasjon om kadaver: tal kadaver totalt, tal undersøkt av SNO, sakna dyr
- Tidsrom for tap eller skade
- Tal dyreeigarar og tal dyr på beite i området

Vi oppmodar om at beitelaget tek kontakt med kommunen for hjelp i ein skadesituasjon.

## Aktivitet og oppdatering av opplysningar i beitelaga

Beitelaga sitt arbeid er svært viktig for bruken av utmarksbeite! I ei tid der utmarka er ynskja av mange aktørar, gjer beitelaga ein viktig jobb for å få ned tap av dyr på beite og bidra til eit godt og aktivt fagmiljø. Dei fleste laga syner gjennom årsmeldingane at dei arbeider godt, og det er mange lag med stor aktivitet!

For at vi skal kunne fylge opp beitebruk i utmarka, er vi avhengige av aktive beitelag og høg oppslutnad i næringa. For å få oversyn over tap av dyr og andre tilhøve kring beitebruken, er vi heilt avhengige av at dei rundt 200 beitelaga i Vestland rapporterer inn tal til Statsforvaltaren.

Når vi sender ut brev til beitelaga nyttar vi adressa som er registrert i einingsregisteret (i Brønnøysund), så hugs å oppdatere den når det er endringar. Dei fleste beitelaga har meldt inn ei e-postadresse på ein kontaktperson for sitt lag til oss også. Vi ber om at de i held fram med dette slik at vi sikrar best mogleg kommunikasjon.

På nettsida [www.kilden.nibio.no](http://www.kilden.nibio.no) finn ein beiteområde teikna inn i kart. Vi oppmodar alle lag å sjekka beitelagsgrensene og gje oss tilbakemelding om det er noko som skal endrast.

Statsforvaltaren ynskjer ein god dialog med næringa om utfordringar og behov. Ta gjerne kontakt med oss om de har innspel.

Lukke til med arbeidet ute i laga og med beitesesongen!

Med venleg helsing

**Mary Ueland**

rådgjevar



**Statsforvaltaren i Vestland**

Telefon: 57 64 30 62

E-post: [mary.ueland@statsforvalteren.no](mailto:mary.ueland@statsforvalteren.no)

Web: [www.statsforvaltaren.no/vl](http://www.statsforvaltaren.no/vl)